



Stein Inge Steffensen
Høylandsvegen 301
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/845 - 21/29444

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
05.05.2021

Pålegg om sikring av ope byggverk - gbnr 208/3 Hegernes

Administrativt vedtak: Saksnr.: 528/21

Tiltak: Sikring av ope byggverk
Byggjestad: Gbnr. 208/3 Hegernes
Tiltakshavar: Stein Ove Steffensen

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 28-6 pålegg Alver kommune deg å sikre gjødselbassenget på eigedommen din med gbnr. 208/3. Frist for sikring er sett til 26.05.2021. Dokumentasjon må sendast til kommunen innan fristen.

Saka gjeld

Viser til synfaring på eigedommen din torsdag den 22.04.2021 der to representanter frå Alver kommune var til stades. Vi vart gjort kjent med at det står eit usikra gjødselbasseng på eigedommen. Gjødselbassenget utgjer ein potensiell fare for omgjevnaden og må difor sikrast snarast mogleg.

VURDERING:

Det følgjer av pbl. § 28-6 at «Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem. Brønn eller dam som antas å medføre særlig fare for barn, kan kommunen pålegge gjenfylt eller sikret på annen måte innen en fastsatt frist.»

Mangel på sikring er i strid med pbl. § 28-6.

På bakgrunn av dette krev Alver kommune at du sikrar gjødselbassenget **innan 26.05.2021**.

Krav om sikring av byggverket er ikkje varsla etter forvaltningslova § 16. Kommunen finn at pålegget kan unnlatast varsling då det hastar med å få bassenget sikra, jf. fvl. § 16 3. ledd. Bakgrunnen er at det opne bassenget er til fare for liv og helse. Det er bustader i nærleiken som gjer at det er ein reell fare for at personar eller dyr kan falle ned i det.

Tvangsmulkt

Med heimel i pbl. § 32-2 vert du varsla om at kommunen kan treffe vedtak om tvangsmulkt dersom bassenget ikkje vert sikra innan fristen. Ein tvangsmulkt er eit pengebeløp som forfell dersom du ikkje heldt gitt frist for sikring.

Rett til å gje uttale

Har du kommentarar til pålegget kan det sendast til Alver kommune innan to veker etter at dette er motteke, jf. forvaltningslova § 16.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikre gjødselbassenget, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Tilbakemelding

Når sikringa er utført, må det sendast inn dokumentasjon for utført arbeid. Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post: post@alver.kommune.no

Brev: Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Regelverk

- Krav til sikring av ope basseng følgjer av pbl. § 28-6.
- Plikt til å følgje opp ulovlege tilstandar følgjer av pbl. kapittel 32.
- Rett til å vedta tvangsmulkt følgjer av pbl. § 32-5.
- Krav til førehandsvarsling av pålegg følgjer av forvaltningslova § 16

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver vennleg og referer til saknr.: 21/845.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Stein Inge Steffensen

Høylandsvegen 301

5913

EIKANGERVÅG